

# MURITUNET

## KOMPLEKST SJUKDOMSBILDE MED BEHOV FOR REHABILITERING ETTER SJUKEHUSBEHANDLING

Individuelt døgnbasert tilbud til voksne med behov for kompleks rehabilitering. Muritunet tar imot enkelte pasientar med Barthel ADL-indeks ned mot 6 i planlagt forløp. Både spesialisthelsetenesta, fastlege og avtalespesialist kan søke pasienten inn.

Målsetting med tilbudet er betra funksjons- og meistringsevne med mål om å bli meir sjølvstendig og sjølvhjelpet i dagleglivet. Tilbakeføring til utdanning eller arbeid er viktige mål der dette er aktuelt.

Kartlegging og rehabilitering blir gitt av eit tverrfagleg team med legespesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering og psykiatri, fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar, dietist og arbeidskonsulent. Fleire i teamet har vidareutdanning innan kognitiv terapi og motiverande intervju. Muritunet har sjukepleiar på vakt 24-timar i døgnet.

Funksjonsfremjande trening/ADL-trening med fokus på aktivitet og deltaking, postoperativ observasjonar, sår-skift/kontroll, smertelindring- og smertemeistringstiltak, oppfølging av følgjetilstandar etter skade på indre organ og/eller perifere nerver, tilrettelegging for søvn, restitusjon og god ernæringsstatus. Assistanse/tilrettelegging i samband med til dømes personleg stell, påkledning, forflytting og ved måltid er ein del av tilbudet

Kartlegge behov for hjelpemiddel og tilrettelegging i heimen, samt å følge opp med tiltak i samarbeid med primærhelseteneste og hjelpemiddelsentralen. Planlagde aktivitetar som blir utført saman med pasienten er målretta og vert nedfelt i ein individuell rehabiliteringsplan. I fysikalsk behandling er rettleiing og medisinsk treningsterapi (MTT) viktige verkemiddel. Dette inkluderer informasjon om restriksjonar og forventa progresjon ut frå sjukdoms-/skadetilstand. Psykomotoriske prinsipp blir brukt for smertemeistring i form av pusteteknikkar og avspenning.

Samhandling med relevante aktørar som pårørande, primærhelsetenesta, fastlege, andre i spesialisthelsetenesta, arbeidsgjevar, BHT, NAV og arbeidslivssenter er sentralt i planlegging og tilrettelegging av eit heilskapleg pasientforløp. Spesielt for dei med omfattande skadar etter akutt hending er kartlegging av behov for og initiering av IP eit viktig tiltak.

Spesialisthelsetenesta kan henvise direkte til Muritunet.

Fastlege eller avtalespesialist søker via:

**Helse Nord-Trøndelag HF**  
**RVE - Regional vurderingsenhet**  
**Postboks 333**  
**7601 Levanger**

Ved ønske om ytterligere informasjon om tilbudet ta kontakt med Inntaks-kontoret 70258400.